

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinncalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	08.09.2014
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	3-2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
13/14	Godkjenning av protokoll frå møte den 7. april 2014
14/14	Orientering frå administrasjonen - status knytt til sak vedr. skulemiljøet i Bjerkreim
15/14	Oppfølging av rapport: Vedlikehald av kommunale bygg
16/14	Utkast til prosjektmandat. Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Lyse Energi AS
17/14	Utveljing av prosjekt for gjennomføring i 2015
18/14	Forslag til møteplan for 2015
19/14	Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2013 og 1. halvår 2014
20/14	Budsjett kontroll og tilsyn 2015 – Kontrollutvalgets budsjettforslag
21/14	Rekneskapsoversikt for kontroll og tilsyn pr. 31.07.14
22/14	Revisors uavhengighetserklæring 2014
23/14	Statusoversikt pr. september 2014
24/14	Orientering om revisor sin overordna strategi for revisjonsåret 2014

Referatsaker/meldinger

Periode:		02.06.2014 - 08.09.2014
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
6/14	13/00217-18	Vedtak KST Årsmelding 2013

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. mobil til sekretær eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 29.08.2014

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

13 / 14 Godkjenning av protokoll frå møte den 7. april 2014

Arkivsak-dok. 13/00050-13
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	13/14

Protokollen frå møte den 7. april 2014 vert lagt fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 7. april 2014.

SANDNES, 24.06.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
Protokoll Kontrollutvalet i Bjerkreim 07.04.2014

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

14 / 14 Orientering frå administrasjonen - status knytt til sak vedr. skulemiljøet i Bjerkreim

Arkivsak-dok. 13/00301-7
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	14/14

Bakgrunn:

Kontrollutvalet ba på forrige møte om å få ei orientering frå administrasjonen om status pr. i dag knytt til tidlegare rapport vedr. skulemiljøet i Bjerkreim.

Sekretariatet har invitert kommunalsjef for oppvekst og kultur og konstituert rådmann til møtet for å orientere om status i saka.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar gjennomgangen frå administrasjonen til orientering.](#)

SANDNES, 14.08.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

15 / 14 Oppfølging av rapport: Vedlikehold av kommunale bygg

Arkivsak-dok. 13/00064-12
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	15/14

Bakgrunn

Kommunestyret behandla i møte den 18.12.13 rapport frå forvaltningsrevisjon "Vedlikehold" og fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret i Bjerkreim tar den framlagde rapporten til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging. Rådmannen melder tilbake til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten sine anbefalingar er følgt opp ca. 6 månader etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.*

I rapporten kom revisor med følgjande anbefalingar til kommunen:

1. *Kommunen arbeider med å styrka den politiske forankringa av vedlikehaldsbehov og vedlikehaldsarbeid.*
2. *Kommunen etablerer eit system for kartlegging av status og planlegging av naudsynt vedlikehold.*

Saksutredning

Rådmannen har i brev av 19.08.2014 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er fylgt opp, sjå vedlegg.

I sitt svar gjer rådmannen greie for kva tiltak som er satt i verk i forhold til dei ulike anbefalingane.

1. Kommunen arbeider med å styrka den politiske forankringa av vedlikehaldsbehov og vedlikehaldsarbeid.

I følgje rådmannen vil styrking av den politiske forankringa av vedlikehaldsbehovet bli gjort gjennom budsjett- og økonomiplanarbeid, og deretter gjennom budsjettvedtak. Rådmannen vil synleggjere behov og kostnader.

2. Kommunen etablerer eit system for kartlegging av status og planlegging av naudsynt vedlikehold.

Kommunen har kartlagt bygningar med adresse, byggeår, areal etc. Det arbeidast med å etablere eit enkelt system, med stipulert kostnad, for kartlegging og planlegging av vedlikehold, samt registrering av kva som er utført.

Rådmannen har svart på alle anbefalingane i rapporten. Vi visar elles til rådmannen sitt svarbrev.

I følgje kontrollutvalgsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis

administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i dei konkrete tilfella, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Vedlikehald av kommunale bygg» til orientering.

Melding om oppfølging sendast kommunestyret til orientering.

SANDNES, 27.08.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Tilbakemelding FR Vedlikehald](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

16 / 14 Utkast til prosjektmandat. Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Lyse Energi AS

Arkivsak-dok. 14/00042-3
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	16/14

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Stavanger, som er største eigar i konsernet, har bedt revisor om å leggja fram utkast til gjennomføring av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Lyse Energi AS. Bestillinga er i tråd med vedtatt Plan for selskapskontroll i øvrige eigarkommunar.

Kontrollutvalet i Stavanger ba ved bestilling at mandatet bl.a. skal innehalda problemstillingar knytt til beredskap ved straumbot, fornying av nødvendig utstyr, risikohandtering av investeringar og selskapets sponsorverksemd.

Saksutgreiing:

Revisor har levert utkast til prosjektmandat for gjennomføring av prosjektet. Revisor foreslår her at formålet med prosjektet skal vera å *«gjennomføre kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Lyse Energi AS (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).»*

Med bakgrunn i dette formålet foreslår revisor å sjå nærare på desse problemstillingane:

1. *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
 - a. *Følger selskapet opp eierstrategien til eierkommunene?*
2. *Har selskapet tilfredsstillende planer og beredskap for å sikre strømforsyningen?*
3. *Hvilke risikovurderinger gjøres før større investeringer i nye anlegg og andre selskaper?*
 - a. *I hvilken grad er eierkommunene involvert ved disse risikovurderingene?*
4. *Hvordan følger selskapet opp datterselskaper, datterdatterselskaper og tilknyttede selskaper?*
 - a. *Eieroppfølgingen*
 - b. *Samhandlingen (avtaler og transaksjoner mellom nærstående parter)*
5. *Hvordan håndterer selskapet sponning og hvilket omfang har dette?*
6. *Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
7. *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

Ved behandling av mandatforslaget kom kontrollutvalet i Stavanger i tillegg med desse tilleggspresiseringane:

- *hvilken lærdom har selskapet trukket fra Noreco saken?*
- *er Lyse forberedt på økt energibruk m.m. knyttet til ladestasjoner for el-biler, og hvordan et stort antall el-biler m hurtigladestasjoner i et nabolag vil påvirke strømleveranser?*
- *hvilke planer finnes for vedlikehold knyttet til nett og trafostasjoner?*

Slik prosjektet ligg føre er det kostnadsrekna til 500 timar, fordelt på alle eigarkommunane. Det vert føresett at alle eigarkommunane deltek i selskapskontrollen, slik at ikkje kommunens berekna del av kontrollen må kostast av øvrige kommunar. Bjerkreim kommunes del er kun stipulert til 3 timar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim bestiller selskapskontroll i Lyse Energi AS i samarbeid med øvrige eigarar i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre – med tillegg av dei presiseringane som går fram av vedtaket i kontrollutvalet i Stavanger.

SANDNES, 24.06.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Lyse Energi AS - Mandat inkl vedtak fra Stavanger](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

17/14 Utveljing av prosjekt for gjennomføring i 2015

Arkivsak-dok. 13/00279-4
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	17/14

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal i tråd med Plan for forvaltningsrevisjon – som er vedtatt av kommunestyret i 2012 – gjennomføre årleg forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll.

Saksutredning:

I vedtatt plan for forvaltningsrevisjon var det kun prioritert eitt prosjekt; vedlikehald. Dette prosjektet vart gjennomført i 2013, i tillegg til prosjektet ang. skulemiljøet i Bjerkreim, som ikkje var prioritert¹. Kontrollutvalet har bestilt prosjektet «Økonomistyring» for gjennomføring i 2014.

I følge vedtatt plan for forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet i resten av perioden velja blant desse prioriterte prosjekta:

- **Beredskap:** Har kommunen gode nok beredskapsplanar? Med bakgrunn i klimaendringar og erfaringar etter 22. juli – er kommunen forberedt på det uventa? Er kommunens planar realistiske, godt nok oppdatert samt kjent i organisasjonen?
- **Bygg/byggesaker.** Gebyr, fristar, byggeleing. bemanning – kostnader ved tilsetting av eigne medarbeidarar kontra innleidd arbeidskraft
- **Kommunale arkiv:** Manglar i arkivet kan gå ut over innbyggjaranes rettar, for eksempel ved erstatningssaker. Eventuelt tap av arkiv kan bli politianmeldt, jfr. anmelding av Stor-Elvdal kommune.
- **Pensjon.** Korleis kan kommunen få betre oversikt over kva for kostnader som vil komme framover, slik at man kan få mest mulig realistiske budsjett?
- **Sjølvkost.** Vatn og avlaup. Vert s regelverket etterlevd, , er berekningane realistiske?
- **Vassmålarar i landbruket.** Vert regelverket følgt, , må det evt. justerast?

Kontrollutvalet har og høve til å fråvika planen dersom det skulle dukka opp nye prosjekt som er meir aktuelle. Utvalet har tidligare signalisert at det vil vera aktuelt med ein oppfølgingsrapport knytt til skulemiljøet i Bjerkreim. Det er opp til utvalet sjølv om det er aktuelt å sjå på saka på ny nå, eller om ein skal venta til neste periode.

Sekretariatet vil elles spesielt peika på områder som Beredskap, Sjølvkost og Plan/byggesaker. Temaet pensjon er stort, men det er og eit område der det kan vera vanskeleg å få fram gode svar, samstundes som det og er svært regelstyrt (aktuarstyrt). Vassmålarar i landbruket er først og fremst ei politisk sak. Når det gjeld kommunens arkiv, har det ikkje kome fram noko som skulle tilseie at desse ikkje har blitt tatt godt vare på. Kontrollutvalet kan sjølvsagt sitte inne med andre opplysningar på desse områda som kan gjere dei meir aktuelle.

¹ Dette prosjektet er bestilt i tråd med kommunestyrets delegasjonsfullmakt til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har og vedtatt i Plan for selskapskontroll at det i løpet av perioden skal gjennomførast ein eigarkontroll av Bjerkreim kommune, noko som er den obligatoriske delen av selskapskontrollen. Dette prosjektet vart bestilt i november 2013. Av økonomiske grunnar vart denne bestilt for gjennomføring over 2 år, 2014 og 2015. Sidan kontrollutvalet skal gjennomføra både selskapskontroll i DIM og forvaltningsrevisjon innafor økonomistyring i 2014, er det ikkje midlar til å starta opp dette året. Dette prosjektet er på 150 timar, og vil dermed erstatta eit forvaltningsrevisjonsprosjekt det året det blir gjennomført. Kontrollutvalet kan derfor ikkje gjennomføra forvaltningsrevisjon i 2015 dersom dette prosjektet og skal gjennomførast i inneverande periode. Eit alternativ er derfor å utsetja dette prosjektet til 2016, slik at det blir lagt fram for nytt kontrollutval. Det kan vera ein fordel, slik at dei heilt frå byrjinga av sin periode vil ha god oversikt over kommunen sitt eigarskap. Mesteparten av 2016 vil uansett gå med til å utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Sekretariatet forslår derfor at kontrollutvalet utset dette prosjektet slik at det blir levert i 2016.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ber revisor om å leggja fram utkast til prosjektmandat innafor XXX til neste møte.

Kontrollutvalet utset tidligare bestilt selskapskontroll ang. Eigarskapsforvaltning, slik at denne vert gjennomført og levert i 2016.

SANDNES, 08.04.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

18 / 14 Forslag til møteplan for 2015

Arkivsak-dok. 13/00217-19
 Arkivkode.
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	18/14

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2014 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2015. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

Som nemnt har kontrollutvalet normalt 4 – 5 møter i året, 2 – 3 om våren og 2 om hausten. Møter kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då formannskapet i følgje forskrifta må kjenne kontrollutvalet si uttale om årsrekneskapen før dei innstiller til kommunestyret. I møteplanen har me førebels sette inn 20. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er vedteken. Me vil då gje beskjed om dette så snart me vert kjent med møtedatoane.

Møtedag har vore måndag, og møtetidspunkt kl. 08.30. Møtedatoar og dagar skal tilpassast 16 andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på denne. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtek følgjande møteplan for 2015:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Måndag	23. februar	08:30	
Måndag	20. april	08:30	<i>Kan bli endra</i>
Måndag	1. juni	08:30	
Måndag	7. september	08:30	
Måndag	16. november	08:30	<i>Nytt utval</i>

SANDNES, 25.06.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

19 / 14 Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2013 og 1. halvår 2014

Arkivsak-dok. 13/00055-14
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	19/14

Bakgrunn:

Kontrollutvalet ber administrasjonen om å leggja fram ein enkelt halvårlig rapport over status på oppfølging av politiske vedtak. Rapporten skal òg leggest fram for kommunestyret.

Saksutredning:

Sekretariatet har mottatt oversikter over de vedtak som er fatta 2. halvår 2013 og 1. halvår 2014. Det er laga egne rapportar for LMT-utvalet, levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret, samt ei restanseliste for saker som ikkje er avslutta frå perioden 2011 – 2013. Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontroll utvalets saker 1. halvår 2014.

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta eller under arbeid.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle saker gjennomført eller vidaresendt andre for sluttbehandling.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er de fleste sakene avslutta eller under arbeid. Nokon av sakene er vidaresendt fylkesmannen for klagebehandling. Fleire av sakene er kommentert særskilt. Status for sakene går fram av vedlegget.

For *kommunestyrets* del er dei fleste sakene iverksett eller under arbeid. Saker som ennå ikkje er iverksett er kommentert særskilt. Det er ein sak frå 2. halvår 2013 som har uavklart status (utbygging og rehabilitering av omsorgssenteret), og som ikkje har vært til behandling i 1. halvår 2014. Status i den saka er derfor framleis uavklart.

Det er og lagt fram ei omfattande liste over *ikkje avslutta saker* i 2011/2012/2013, der det går fram av vedlegget kva som er status i sakene pr. rapporteringstidspunktet.

Kontrollutvalet sine saker er enten ferdigstilt/gjennomført eller under arbeid, det siste gjeld bestilt rapport og selskapskontroll. Begge er forventa lagt fram hausen 2014.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2013 og 1. halvår 2014 til orientering.

SANDNES, 21.07.2014

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

Samlehefte oppf. politiske saker 2. halvår 2013

Samlehefte oppf. politiske saker 1. halvår 2014.pdf

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

20 / 14 Budsjett kontroll og tilsyn 2015 – Kontrollutvalgets budsjettforslag

Arkivsak-dok. 13/00156-7
Arkivkode. 151
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	20/14

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalets budsjettvedtak i tråd med forskrift leggst fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2015.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei "avdeling" i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber òg eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutgreiing:

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner pålegg kommunen å ha ei forsvarlig revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjonstenester og sekretariat.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. . Utvalets medlemskap i FKT hører også med her, dette er ein kontingent som påløper årlig så lenge kommunen er medlem. Sekretariatet har ikkje mottatt meldingar frå Bjerkreim kommune om endringar i godtgjørsler el.l. Rekneskapen for 2013 viser imidlertid at m.a. godtgjersle til folkevalde er budsjettert for lågt. Det vert derfor foreslått å auka budsjettet i tråd med rekneskapen. *Etter endringar i IKS-lova pr. 1. jan. 2014 er det kun denne delen av budsjettet som kan endrast av kommunestyret, sjå nedanfor.*

Revisors budsjettforslag:

Bjerkreim kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, styrebehandla i august 2014. Budsjettforslaget i eit IKS skal også behandlast i representantskapet, og vil bli behandla her i løpet av hausten. Når budsjettet er vedtatt i representantskapet, er det bindande for kommunen.²

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt

² Endring av IKS-lova med virkning frå 01.01.2014, der kravet om at kommunestyrene skal endelig godkjenna budsjettet i interkommunale selskap er tatt bort.

oppmøte i kontrollutvalet. Det vert vist til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til dei forskjellige føremåla. Revisor har i sitt budsjettforslag foreslått ei mindre auke på ca 1,6%.

Sekretariatets budsjettforslag:

Bjerkreim komme er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalets administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 22. august 2014. Budsjettet i eit § 27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet og følgjer elles dei same reglane som for interkommunale selskap, sjå ovanfor.³

Det er i år ei samla auke i budsjettet på 4-5%, men samla auke utgjer likevel ikkje meir enn 6.000 kr. på årsbasis for kommunen. Hovudårsaka er auka utgifter til pensjon og normal lønsutvikling. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endeleg betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Fram til nå har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at styrets vedtekne budsjett har vore tilstrekkelig.

Samla budsjettforslag

Samla sett vert det foreslått eit budsjett på kr. 516 000,- eksklusiv meirverdiavgift.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tilrår eit samla budsjett for kontroll- og tilsyn for 2015 på 516 000 kr. ekskl. mva.

SANDNES, 25.06.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
Budsjettforslag 2015
Revisors budsjettforslag

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

Tilbake

³Se også brev fra KRD 24.09.07 til Buskerud Kommunerevisjon: «...Kommunestyrene i deltakerkommunene må ta samarbeidets særbudsjett og særregnskap til orientering.»

21 / 14 Rekneskapsoversikt for kontroll og tilsyn pr. 31.07.14

Arkivsak-dok. 13/00233-18
 Arkivkode. 212
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	21/14

Bakgrunn:

Som ein konsekvens av kontrollutvalets ansvar for å leggja fram årlege budsjettforslag for kontroll og tilsyn (eiga sak) følgjer også ansvar for budsjettoppfølging overfor eige budsjett. Rapporten baserer seg på mottatte opplysningar frå Bjerkreim kommune pr. 31.07.14, (vedlegg), revisors tertialrapport pr. 31.07.14 (vedlegg) og sekretariatets rekneskap pr. 31.07.2014.

Saksutgreiing:

Kommunen rapporterer tertialvis, og 2. tertial er pr. 31.08. Revisor rapporterer imidlertid alltid i samband med oversending av budsjettforslaget for kommande år, som er pr. 31.07. Rekneskapsoversikta er derfor sett opp pr. denne datoen. Gjennomsnittlig forbruk pr. 31.07. ligg på ca. 58% av budsjettet. For revisor vil det likevel variera i løpet av året, då nokre periodar er meir arbeidsintensive enn andre. Sekretariatet fakturerer eit fast beløp i 3 terminar, og skal derfor ligga på normalforbruket i forhold til kontrollutvalets budsjettforslag. At beløpet er litt høgare denne gongen skuldast at rekneskapet ikkje vil stemma overeins med gjennomsnittsforbruket før pr. 2. termin, som er 31.08.

På dette tidspunktet vil oversikta frå selskapa (revisor og sekretariat) gi det rettaste bildet av forbruket innafor dette området, då det viser faktisk forbruk i perioden. Kommunens oversikt viser kva som er postert i rekneskapet pr. 31.07.2013. Det kan derfor vera rekningar som ikkje er postert eller fakturaer som ikkje er sendt på rapporteringstidspunktet.

Når det gjeld utgifter til sekretariat har kommunen ikkje budsjettert med styrets oversende vedtak ang. grunnbeløp (sjå note til saka ang. budsjettet), og forbruket ligg derfor over budsjett (77%).

Revisors oversikt viser at det kommunen har registrert litt meir en det revisor oppgir. Det kan skuldast at utgifter til revisjon av t. d. sokneråd eller andre feilaktig er fakturert her, eller at det har kome inn ekstra faktura etter revisor sin rapporteringsdato.

Samla sett er det likevel ingen signal som tyder på at kontrollutvalets budsjett for 2013 vil få større overskridingar, samla forbruk på 52% er under normalforbruket.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rekneskapsoversikta for kontroll og tilsyn pr. 31.07.14 til orientering.

SANDNES, 25.06.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
Rekneskapsoversikt
Revisors oversikt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

22 / 14 Revisors uavhengighetserklæring 2014

Arkivsak-dok. 13/00280-9
 Arkivkode. 037
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	22/14

Bakgrunn

Oppdragsansvarlig revisor skal årlig og elles ved behov gi ei skriftlig eigenvurdering til kontrollutvalet om oppdragsansvarlig revisors uavhengighet (Forskrift om revisjon § 15).

Saksutgreiing

Sekretariatet har motteke vedlagt erklæring frå revisor, som er ei eigenerklæring om revisors uavhengighet i forhold til Bjerkreim kommune.

Ifølgje Kommunelovens § 79 skal den som føreteik revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisors nærståande har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisors uavhengighet og objektivitet. I tillegg seier forskriftas §§ 13 og 14 noko om kva for krav som skal stillast til at revisor skal vera uavhengig, og kva for avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Iflg. kommentarar til forskrift om revisjon (vedl. 2 til Rskr. H-15/04) gjeld kravet til uavhengighet og objektivitet både revisor og revisors medarbeidarar, men kravet om dokumentasjon gjeld som nemnt i erklæringa bare oppdragsansvarlig revisor. Det er også nemnt i same vedlegg til rundskrivet at oppdragsansvarlig revisor som eit minimum skal gi ei årlig skriftlig eigenvurdering til kontrollutvalet om sin uavhengighet.

Revisors erklæring om uavhengighet gis på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor si uavhengighetserklæring 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 25.06.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:
 Revisors uavhengighetserklæring

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

23 / 14 Statusoversikt pr. september 2014

Arkivsak-dok. 13/00051-19
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	23/14

Bakgrunn:

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing:

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møte er følgjande til behandling:

- Oppfølging av forvaltningsrevisjon «*Vedlikehald av kommunale bygg*»

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt pr. september 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 16.04.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:

Statusoversikt pr. september 2014

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

24/14 Orientering om revisor sin overordna strategi for revisjonsåret 2014

Arkivsak-dok. 13/00280-11
 Arkivkode. 037
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	08.09.2014	24/14

Bakgrunn

Ifølge kommunelovas § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert m.a. gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutredning

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årlig utarbeida plan for revisjon av rekneskapet. Dette er et internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor gir i staden ei munnlig orientering til utvalet om hovudtrekka i arbeidet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor sin overordna strategi for revisjonsåret 2014 til orientering.

SANDNES, 18.08.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

Referat- / meldingssaker:

6/14 Vedtak KST Årsmelding 2013

[Tilbake](#)